

# BACHELOROPPGÅVE

Effekten av den nye rekneskapsførarlova  
på tilbakekall av autorisasjon

The effect of the new Accountants' Act on  
revocation of authorization

Lars Inge Stautland (212)

BO6-2001 Bacheloroppgåve for rekneskapsførarar

Institutt for økonomi og samfunnsvitskap

Vegleiar: Arne Bendik Rekve

26.05.2023

Totalt tal ord: 12312

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Forord

Denne bacheloroppgåva er skrive som avsluttande oppgåve på studieprogrammet økonomi og jus ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Oppgåva er eit obligatorisk emne ved studiet og utgjer 15 studiepoeng. I arbeidet med denne oppgåva brukar eg min juridiske bakgrunn frå 1. året på bachelorutdanninga i Økonomi og Jus. Sidan eg har gått denne retninga vil det vera ei juridisk tilnærming til rekneskapsfaget, noko som òg kjem fram i skriftspråket gjennom oppgåva.

## Samandrag

1.1.2023 trådde «Lov av 16.12.2022 om regnskapsførere» i kraft. Denne lova erstatta «Lov av 18.06.1993, om autorisasjon av regnskapsførere». I den nye lova er vilkåra for å få og bli fråtatt autorisasjon oppdaterte. Hovudfokuset i oppgåva ligg på moglegheita for å bli fråtatt autorisasjon, med særleg fokus på § 3-3, 1. ledd, bokstav d, som gir eit vilkår for å bli fråtatt autorisasjonen jf. § 6-1, 1. ledd, bokstav a. Desse endringane utvidar tilgangen til å tilbakekalla autorisasjon, samanlikna med den gamle lova. (*Prop. 130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*, 2022, s. 65) I og med at lova er ny, er det avgrensa med både teori og praksis. Derfor prøver denne oppgåva å svara på kva konsekvensane av denne heimelen kjem til å bli. Dette vert gjort gjennom ei kvalitativ studie basert på djupneintervju med nokre respondentar som sit på mykje kunnskap om lova og forvaltninga, samt med nokre respondentar som er underlagt lova i sin arbeidskvardag.

Resultata viser at det er stor usikkerheit knytt til ein del av endringane den nye lova kjem med. Ein del er bekymra for at Finanstilsynet har fått ein veldig open heimel som går ut over rettstryggleiken til rekneskapsførarar. Samtidig verkar det som at ikkje som at Finanstilsynet kjem til å endre praksisen betydeleg, og at det dermed ikkje er særleg grunn for rekneskapsførarar til å kjenne på utryggheit. I tillegg er det òg usikkert korleis ein del av vilkåra vil bli tolka. For eksempel kva som skal til for at eit brot vil bli rekna som grovt, og kva typar åtferd som vil bli slått ned. Konklusjonen er at terskelen er endra, og i teorien er den nok endra ein god del, medan i praksis vert det nok ikkje veldig stor kontrast til slik det har

vore praktisert før 1.1.23.

## Abstract

On January 1, 2023, entered the “Act of December 16, 2022, on accountants” into force. The law replaced the Act of June 18, 1993, on authorization of accountants. In the new act, the conditions for obtaining and being deprived of authorization have been updated. The main attention of this paper is on the possibility of being deprived of authorization, with a special focus on section 3-3, subsection 1, letter d, which provides a condition for being deprived of authorization cf. section 6-1, subsection 1, letter a. These changes extends the access to revoke authorization compared to the old law. (*Prop.130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*, 2022, s. 65) As the Act is new, there's close to no theory and practice regarding the Act. Because of that, this paper tries to answer what the consequences of these changes will be. This is done through a qualitative study based on in-depth interviews with respondents with much knowledge on the Act and the administration, as well as some respondents who are subject to the law in their professions.

The results show that there's much uncertainty to some of the changes in the new Act. Some are worried that The Norwegian Financial Supervisory Authority has received an extended possibility to revoke authorizations, which might go on accord with accountants right to due process. At the same time, it looks like the administration won't change their ways much, so there's not much reason for accountants to worry. Additionally, it's uncertain how some of the conditions will be interpreted. For example where's the limit before a violation is considered to be gross, and what kinds of behavior The Norwegian Financial Supervisory Authority will claim are a sign that the person can't exercise the profession in a responsible matter. The conclusion is that the threshold for revoking authorization have been changed, and in theory it has probably changed a good deal, while in practice there is probably not a very big contrast to how it was practiced before 1.1.23.

# Innholdsliste

Forord .....	1
Samandrag .....	1
Abstract .....	2
1 Innleiring .....	1
1.1 Tema.....	1
1.2 Relevans .....	1
1.3 Problemstilling .....	2
1.4 Disposisjon .....	3
2 Teori.....	3
2.1 Krav om autorisasjon .....	3
2.2 Endringar i regnskapsførerlova .....	5
2.3 Samanheng med bestemmingar i revisorlova .....	8
2.4 Finanstilsynet og utvikling av tilbakekall .....	10
2.5 Klagenemnda for revisor-, regnskapsfører- og inkassosaker .....	10
2.6 GRFS – God regnskapsføringsskikk .....	12
3. Metode .....	12
3.1 Vitskapsteoretisk tilnærming .....	12
3.1.1 Ei epistemologisk og pragmatisk tilnærming .....	13
3.2 Val av undersøkingsdesign.....	13

3.3 Kvalitative eller kvantitative data .....	14
3.4 Utveljing av intervjuobjekt.....	15
3.4.1 Prosessen med å hente inn intervjuobjekt.....	17
3.5 Planlagt gjennomføring av intervju.....	18
3.6 Analyse av informasjon .....	19
3.7 Oppgåvas kvalitet.....	19
4. Presentasjon av funn og analyse.....	20
4.1 Innleiing.....	20
4.2 Blir det nokon endring i terskelen?.....	22
4.3 Ein open formulering – nødvendig eller noko som skapar usikkerheit? .....	23
4.4 Kor grovt må brotet vera?.....	26
4.5 Er tersklane for å få og bli fråtatt autorisasjon lik for revisor og rekneskapsførar?.....	27
4.6 Frykt for, og konsekvensar av, eit tilsyn der det blir avdekka brot .....	29
5. Drøfting og konklusjon .....	32
5.1 Endring i terskelen .....	32
5.2 Open formulering.....	32
5.3 Grovt brot.....	33
5.4 Forskjellar mellom terskelen for tilbakekall av godkjenning for revisor og rekneskapsførar .....	33
5.5 Frykt for, og konsekvensar av, eit tilsyn der det vert avdekka brot .....	34
5.6 Konklusjon.....	35

Litteraturliste.....	36
Vedlegg .....	38
Vedlegg 1 – Informasjonsskriv .....	38
Vedlegg 2 – Intervjuguide .....	41

# 1 Innleiing

## 1.1 Tema

Temaet i denne oppgåva er den nye Regnskapsførerlova som trådde i kraft 01.01.2023. (Regnskapsførerloven, 2022) Lova erstattar den gamle lova om autorisasjon av rekneskapsførarar. (Regnskapsførerloven, 1993) Meir spesifikt gjeld det regelverket rundt autorisasjonsordninga for rekneskapsførarar. 1993-lova innførte for første gong eit autorisasjonskrav til rekneskapsførarar og i den nye lova er det gjort nokre endringar. Endringane gjeld sjølve krava til «skikkethet», men òg kven desse krava skal gjelda for. Det er òg andre forskjellar mellom den gamle og den nye lova, men desse er ikkje relevante for oppgåva.

## 1.2 Relevans

Sidan den førre lova såg dagens lys i 1993 har det vore ein stor utvikling i rekneskapsbransjen. Det har vore ein god del endringar i lova, og i 2006 kom det inn eit krav til at rekneskapsførarar skal utføra oppdraga sine i samsvar med «god regnskapsførerskikk», noko som har vorte revidert fleire gonger sidan. (NOU 2018:9, s. 15) I den gamle lova var det lista krav for autorisasjon i § 4. Lista bestod av formelle krav, og det einaste skjønnsmessige kravet var kravet til «hederlig vandel», der retten etter kvart har definert det som eit vilkår «knyttet opp til tidligere straffreaksjoner» som klagenemnda seier det i KRR-2012-4411. I den nye lova er det no kome inn eit krav til ikkje å ha «utvist en atferd som gir grunn til å anta at vedkommende ikke kan utøve yrket på en forsvarlig måte.» (Regnskapsførerloven, 2022, § 3–3) Dette opnar for skjønnsmessige vurderingar på ein heilt annan måte enn ein har hatt tidlegare, og er difor veldig spennande å utforske med tanke på kva det kan føra til.

Det vert òg klart at mange rekneskapsførarar ikkje har oversikt over kva krava i den nye lova vil innebera, og slikt sett er det eit behov for klargjering av autorisasjonskrava som eg håpar at denne oppgåva kan hjelpa til med.

### 1.3 Problemstilling

I oppgåva ynskjer eg å sjå på krava til skikkethet i den nye regnskapsførerlova og finne ut om det er lågare terskel for å bli fråtatt autorisasjonen som rekneskapsførar etter at den nye lova trådde i kraft 01.01.2023. Kva var intensjonen med dei nye krava til «skikkethet», og kan ordlyden i lova føra til at saker vert behandla annleis enn kva som var lovgjevar sin intensjon?

Problemstillinga mi er følgande:

*«I kva grad får endringane i «Lov om regnskapsførere» innverknad på praksisen for tilbakekall av autorisasjon samanlikna med den gamle lova?»*

For å betre kunne svare på problemstillinga har eg kome til følgande underproblemstillingar:

- Har terskelen for å kalle tilbake autorisasjon endra seg?
- Kva betydning har det at det er ei open formulering i § 3-3, 1. ledd bokstav d?
- Kor grovt må eit brot vera før det vil føra til tilbakekall jf. § 6-1, 1. ledd, bokstav b?
- Er terskelen for å få eller blir fråtatt autorisasjon lik som i revisorlova?
- Kva konsekvensar får det for dei som blir rekna for å ha brote lova, og er der ei frykt for konsekvensane?

Gjennom oppgåva vert bokmålsordet «skikkethet» brukt for å halde på koplinga til lovteksten. Det nynorske «dugleik» kan vera fleirtydig og vert difor vald bort.

I følgje § 6-1 i den nye lova kan Finanstilsynet kalla tilbake autorisasjon dersom ein ikkje

lenger oppfyller krava i § 3-3. Dette svarar til § 7 i den gamle lova med unntak av at det der var spesifisert at Finanstilsynet «skal» kalle tilbake autorisasjon. I § 7 i den gamle lova var det ikkje tilgang til å kalle tilbake autorisasjon ved brot på punkt 4 om hederlig vandel. Her er det altså fleire element som vil ha innverknad på korleis lova vert praktisert.

Ein annan viktig endring er at krava til «skikkethet» i § 3-3 òg vil gjelda eigarar og styremedlemmer i regnskapsførarbedrifter jf. § 2-2. Før 2023 var det ikkje heimel til å avslå søknadar om autorisasjon frå selskap som oppfyller dei objektive vilkåra i lova. «Finanstilsynet viser som eksempel til at dette gjelder selv om eiere eller styremedlemmer er dømt for overtredelser av regnskaps-, bokførings-, skatte- og avgiftslovgivningen eller straffeloven.» (*Prop.130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*, 2022, s. 29) Etter § 6-2, punkt a, kan òg rekneskapselskap blir fråtatt autorisasjonen etter dei same vilkåra.

#### 1.4 Disposisjon

Oppgåva er strukturert slik at eg først gjennomgår tema og problemstillinga. Deretter vil eg i kapittel 2 gå gjennom teorien og presentere krava til autorisasjon, kva endringar som har kome inn i seinare tid og litt frå lovutvalet sitt arbeid med både revisor- og regnskapsførerlova. Deretter går eg inn på metodeval. Her vil eg gå gjennom alle metodiske val eg har gjort i samanheng med oppgåva og knytte dei opp mot rådande teoriar for samfunnsvitskapeleg metode. Etter metodedelen presenterer eg funna med analyse og drøfting. Til slutt vil eg koma med ein konklusjon.

## 2 Teori

### 2.1 Krav om autorisasjon

For å kunne tilby rekneskapsstenester i næring må ein i følgje lova vera eit rekneskapsføretak. (*Regnskapsførerloven*, 2022, § 2-1) ifølge lova skal rekneskapsføretaket «utpeke en

statsautorisert regnskapsfører som ansvarlig for hvert regnskapsoppdrag.»

(Regnskapsførerloven, 2022, § 5–1) Altså er autoriserte rekneskapsførarar ein nødvendigheit for å kunne drive som rekneskapsføretak. Tidlegare var det òg krav om at dagleg leiar i eit rekneskapsføretak måtte ha autorisasjon (Regnskapsførerloven, 1993, § 6, punkt 1), men det er fjerna i den nye lova og erstatta av eit krav om å oppfylle vilkåra om å vera skikka.

(Regnskapsførerloven, 2022, § 2–2, bokstav c)

Bakgrunnen for at ein krev autorisasjon kan ein blant anna finna i forarbeida til den gamle lova:

Staten stiller omfattende og strenge krav til de næringsdrivendes regnskap bl.a gjennom regnskaps-, skatte- og avgiftslovgivningen. Det er derfor behov for ordninger som kan bidra til at de næringsdrivende skaffer seg kvalifisert hjelp som har ansvar for det arbeidet som utføres. (Ot.prp.nr.51, 1993-mars, s. 23)

Ein kan òg lese at det før første lova om autorisasjon kom i 1993 var problem med useriøse aktørar i bransjen som gjorde at dei seriøse aktørane ikkje kunne ta seg nok betalt til å vidareutvikla gode system. (Høylie, 2015, s. 19) Det førte til at to foreiningar, NARF (Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forbund) og LRK (Landslaget for regnskapskonsulenter) etablerte sine eigne autorisasjonsordningar. Då lova kom i 1993 fekk dei som allereie var autoriserte gjennom foreiningane automatisk autorisasjon , og dei som allereie var etablert i yrket utan autorisasjon kunne fullføra ein forenkla teoriprøve for å få det som no var blitt ein lovpålagt autorisasjon. (Høylie, 2015, s. 19–20)

Før lova i 1993 var det òg eit forsøk på å få til ei ordning som ikkje førte fram. Dette står i NOU 1983: 20. Her står det for eksempel:

Det vurderes en tvungen ordning med krav om praksis, utdannelse eller bestått prøve

(eventuelt i kombinasjon), samt visse personlige krav (alder, god vandel og økonomisk vederheftighet) og muligheter for fratakelse av autorisasjon. Kravene tenkes pålagt ansvarlig leder i alle virksomheter som driver regnskapsføring i næring. (NOU 1983: 20, 1983, s. 36)

I forslaget til § 2 vart det då stilt eit krav til at ein ansvarleg leiar må «Ha ført en hederlig og rettskaffen vandel». (NOU 1983: 20, 1983, s. 46) Altså ser ein at tanken om nødvendigheita av eit lovkrav til at rekneskapsførarar skal vera skikka var til stades allereie då.

I takt med at krava til bokføring har økt, har og rekneskapsbransjen hatt ein stor vekst. Der små og mellomstore bedrifter ofte tidlegare førte sine eigne rekneskap er no den nødvendige kompetansen blitt meir avansert og mange fleire vel å nytte seg av rekneskapsførarar. (Høylie, 2015, s. 21)

## 2.2 Endringar i regnskapsførerlova

1.1.2023 tredde LOV-2022-12-16-90 om regnskapsførere i kraft(Regnskapsførerloven, 2022). Den erstatta LOV-1993-06-18-109 om autorisasjon av regnskapsførere (Regnskapsførerloven, 1993). Lovene vert heretter tidvis omtala som «den nye lova» og «den gamle lova» for å unngå misforståingar rundt kva lov det er snakk om. I hovudsak vidarefører den innhald og omfang frå den gamle lova. (NOU 2018:9, s. 9) Bakgrunnen for lovverket er at det skal sikre eit «betryggende faglig kvalitetsnivå hos regnskapsførerne, og i tillegg arbeide frem en høyere faglig og yrkesetisk standard blant regnskapsførerne.» (NOU 2018:9, s. 9) Revisor- og regnskapsførerlovutvalget foreslo at verkeområdet når det gjeld yrkesutøvaranes kvalifikasjonar og skikkethet i hovudsak vidareførast uendra og « ...foreslår samtidig at reguleringen i større grad rettes inn mot regnskapsforetakene». (NOU 2018:9, s. 9)

Når me ser på dei endringane som er gjort og grunnlaget for dei må me sjå til NOU'ar og Lovproposisjonar. Dette vert omtalt som forarbeid, og det er dette den vedtekne lova bygger

på. (Blandhol et al., 2015, s. 323) Dei er rekna som relevante i lovtolking på grunn av «måten lovgivningsprosessen foregår på». (Blandhol et al., 2015, s. 323) På grunn av den høge statusen forarbeid har i Noreg, vil NOU-ar og Lovproposisjonar vere viktig teori for å forstå lovene som vert gjennomgått. Ein seier at lovas «autoritet og demokratiske legitimitet smitter over på lovforarbeidene» og dette er «tilstrekkelig til å begrunne lovforarbeiders legitimitet som argumentkilde i rettslig argumentasjon.» (Monsen, 2012, s. 34) Dette er viktig fordi ein ofte treng nokre hjelpemiddel til å klargjere lovas mening i dei tilfella der lovas ordlyd ikkje er heilt klar.

Paragrafane som er mest relevante for denne oppgåva er § 3-3 og § 6-1. Desse paragrafane omhandlar vilkåra for å få autorisasjon, samt moglegheita for å bli fråtatt den same autorisasjonen. § 6-1 i den nye lova handlar om tilbakekall av autorisasjon som rekneskapsførar. Den stiller opp to moglegheiter som rettsleg grunnlag til å kalle tilbake autorisasjon. Det som er mest relevant i denne samanhengen er bokstav a) som viser tilbake til § 3-3 og vilkåra for å bli rekna som skikka til å få autorisasjon. Dersom ein ikkje lenger oppfyller desse vilkåra vil Finanstilsynet kunne kalle tilbake autorisasjonen som rekneskapsførar. Med andre ord må ein dermed konstant oppfylle desse krava. Her er det ein markant skilnad til § 7 i den gamle lova der det berre var høve til å kalle tilbake autorisasjon ved brot på enkelte av vilkåra i § 4. Finansdepartementet seier i lovproposisjonen at «Forslaget utvider grunnlaget for vedtak om tilbakekall når det gjelder krav til adferd, sammenliknet med gjeldende rett.» (*Prop.130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*, 2022, s. 65)

I § 3-3 i den nye lova har ein erstatta frasinga «hederlig vandel», som ein finn i § 4 i den gamle lova, med bokstav c, som seier at godkjenning ikkje skal gjevast til den som «er dømt for straffbart forhold som gir grunn til å anta at vedkommende ikke kan utøve yrket på en forsvarlig måte». (Regnskapsførerloven, 2022, § 3-3) Her er det to vilkår. Det første er at ein må vera dømt for eit straffbart forhold, og det andre er at det må gje grunn til å anta at ein ikkje kan utføra yrket på ein forsvarleg måte. I følgje Finanstilsynet er skikkethetskravet i § 3-3 i den nye lova «i stor grad videreføring av gjeldende rett». (*Utvalgte temaer av særlig*

*praktisk betydning for regnskapsførere og regnskapsforetak ved ikrafttredelse av ny regnskapsførerlov, 2022)* I den nye lova har ein òg tatt med eit punkt som seier at godkjenning ikkje skal gis til personar som «har utvist en atferd som gir grunn til å anta at vedkommende ikke kan utøve yrket på en forsvarlig måte.» (Regnskapsførerloven, 2022, § 3–3 bokstav d)

Eit viktig poeng er at ordlydstolkinga av lova i nyare tid har blitt strengare enn kva det tidlegare var. (Blandhol et al., 2015, s. 321–322) Dette er relevant fordi ein såg i fleire saker at klagenemnda gjorde om på vedtak gjort av Finanstilsynet fordi dei meinte det ikkje var heimel i lova til å nekte autorisasjon. Det ser me for eksempel av følgande fråsegn angåande vilkåret om «hederlig vandel»: «men den naturlige språklige forståelsen er etter nemndens syn at vilkåret innebærer et spørsmål om vedkommende tidligere har begått straffbare forhold». (KRR-2012-4411—*Lovdata Pro*, 2013) Blandhol et al. skriv blant anna følgande: «Dette har Høyesterett betonet i en rekke avgjørelser i de senere årene, på en slik måte at man må kunne si at kravet om lovhemmel har blitt merkbart innskjerpet.» (Blandhol et al., 2015, s. 322) Dette ser ein òg ved at det i 2014 blei tilført følgande paragraf i grunnlova: «Styresmaktene må ha grunnlag i lov for å gripe inn overfor einskildmennesket». (Grunnlova, 1814, § 113) Det var ikkje noko nytt, og var eigentleg ein rein «kodifikasjon av tidligere ulovfestet statsrett». (Bernt, 2021, s. 1253) Det er viktig at lovas mening fylgjer den alminnelege språkforståinga, viss ikkje er det vanskeleg for Ola Nordmann å vita om han bryt lova.

Når det gjeld korleis lova skal praktiserast kan ein sjå til Finanstilsynet sine rundskriv. I Rundskriv 1/2020 frå Finanstilsynet kjem det tydeleg fram at det må gjerast ei vurdering etter skjøn av kvar sak. I tillegg kan me sjå at tidsaspektet er viktig. I utgangspunktet gjeld vurderinga for dei fem siste åra, medan forhold eldre enn 10 år normalt ikkje vil føra til at ein person vert rekna for å vera ueigna. (Finanstilsynet) Dette er skrevet om den gamle lova, men så lenge det ikkje er kome noko nytt rundskriv, er det dette som står som Finanstilsynets mening.

## 2.3 Samanheng med bestemmingar i revisorlova

«Revisor- og regnskapsførerlovutvalget» gjekk inn for å opprethalde to ulike lover (NOU 2017:15, s. 17). Sjølv om det er to ulike lover ser me at det er mange bestemmingar som er likearta eller like i dei to lovene. Difor kan me anta at grunngjeving som er gitt for bestemmingar i revisorlova òg er gyldige for like bestemmingar i regnskapsførerlova. Dette kan me finne omtala som kontekstuell analyse av lovteksten. (Monsen, 2012, s. 137–138) Samanheng i lovverket er viktig, og til eksempel ser me at § 3-3 i regnskapsførerlova (Regnskapsførerloven, 2022) er identisk med § 3-4 i revisorlova, med unntak av ei litt anna visuell utforming. (Revisorloven, 2020)

I følgje Kari Birkeland er bestemminga i revisorlova § 3-4, bokstav d utforma «etter mønster frå finansforetaksloven § 3-5.» (Kari Birkeland, 2020, s. 93) Vidare skriv ho at bakgrunnen for bestemminga er at tidlegare lovgjeving berre opna for å nekte godkjenning dersom søkeren var straffesanksjonert. At det kan vere problematisk kjem tydeleg fram i KRR-2015-1275 der klagar leverte tilbake autorisasjonen sin før saka vart klagebehandla, for deretter å söke om autorisasjon på ny. (*KRR-2015-1275—Lovdata Pro*, 2015) Dermed kom klagenemnda til at Finanstilsynets vedtak skulle gjerast om, delvis på bakgrunn av at det ikkje var nokon straffesanksjon, og klagaren fekk godkjent söknaden om autorisasjon som revisor. Om saka hadde fått eit anna utfall etter ny lov er ikkje sikkert, men ein hadde hatt eit rettsleg grunnlag for å nekte autorisasjon som ein ikkje hadde på dette tidspunktet.

Kva det vil sei å vera skikka er ikkje definert verken i lov eller forskrift. Det har heller ikkje noko tydeleg og allmenngyldig innhald. (Kari Birkeland, 2020, s. 84) Innhaldet i omgrepene når det kjem til regnskapsførarar og revisorar blir nærmare utdjupa i høvesvis § 3-3 og § 3-4 i regnskaps- og revisorlova. Skikkethetskrav ser me at òg gjeld i ein del andre profesjonar, slik som for eksempel for eigedomsmeklingsføretak. (Kari Birkeland, 2020, s. 85)

§ 3-4, 1. ledd, bokstav d i revisorlova, blir av lovutvalet tydeleg omtalt som ei utviding av den (på den tid) gjeldande lova. (NOU 2017:15, s. 61–62) «Hjemmelen for å nekte godkjennelse for statsautoriserte revisorer er blitt tydeligere, men den er også betydelig utvidet sammenlignet med tidligere revisorlov». (Kari Birkeland, 2020, s. 99)

Når det kjem til § 6-1 i den nye regnskapsførerlova og § 14-1 i revisorlova kan det ved første augekast sjå ut som at lova gjer det enklare å behalde autorisasjon på grunn av at ordet «skal» er bytta ut med «kan» i første ledd, noko som medfører ein skjønnsvurdering på om ein skal kalle tilbake autorisasjon eller ikkje. Dette må sjåast i samanheng med det nye vilkåret i § 14-1, bokstav b, som inneheld eit krav om å stadig oppfylle krava i § 3-4 i revisorlova. Vurderinga av dette vil «overlappe med «kan»-vurderingen av om godkjenningen skal tilbakekalles.» (Kjelløkken, 2021, s. 390) Eit anna moment i § 6-1 er kva som skal reknast som ein grov «overtredelse». Kari Birkeland skriv at det må vera ein «kvalifisert overtredelse av revisors plikter.» (Kari Birkeland, 2022, note 292) Ho gjengir òg det som står i NOU'en:

Etter gjeldende rett er det ikke bare brudd på revisorlovgivningen som kan gi grunnlag for tilbakekall av godkjenningen, også brudd på annen lovgivning som er av betydning for utøvelsen av revisoryrket. Dette vil for eksempel være brudd på finanstilsynsloven eller hvitvaskingsloven. Finanstilsynet har tilbakekalt godkjenningen til en revisor for brudd på hvitvaskingslovens taushetspliksbestemmelser. Utvalget legger til grunn at denne forståelsen av tilbakekallshjemmelen videreføres. (NOU 2017:15, s. 269)

Om det skulle vera noko tvil om at høvet til å nekte autorisasjon er utvida ser ein i alle fall at intensjonen er at høvet til å kalle tilbake autorisasjon skal vera kraftig utvida. Det kan me lese i følgande utdrag frå Lovproposisjonen:

Utvalget foreslår at Finanstilsynet skal kunne kalle tilbake godkjenningen hvis regnskapsføreren ikke lenger oppfyller vilkårene om å være skikket i utkastet § 3-3.

Utvalget viser særlig til vilkåret om at godkjenning ikke skal gis hvis søkeren har utvist en adferd som gir grunn til å anta at vedkommende ikke kan utøve yrket på en forsvarlig måte. Forslaget utvider grunnlaget for vedtak om tilbakekall når det gjelder krav til adferd, sammenliknet med gjeldende rett. (*Prop.130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*, 2022, s. 62)

## 2.4 Finanstilsynet og utvikling av tilbakekall

Det er Finanstilsynet som både gir autorisasjon og har tilsynsansvaret for ordninga med autorisasjon av rekneskapsførarar. (Regnskapsførerloven, 2022) Dei «gjennomfører tilsyn på bakgrunn av egne risikovurderinger, innrapporteringer og andre signaler som for eksempel medieoppslag.» (*Regnskapsfører*, 2017)

Det finst fleire former for tilsyn. (*Ulike tilsynsmetoder regnskapsførere og regnskapsførerselskaper*, 2017) Kva tilsynsmetode Finanstilsynet nyttar varierer etter kva type sak det er. Det varierer òg kor mange tilsyn dei har per år og kva typar tilsyn dei utfører.

Dersom me forsøker å sjå på utviklinga av tilbakekall er det vanskeleg å sjå nokon tydeleg trend. Det er nokre år der ein ser mange fleire tilbakekall, men det har samanheng med kor mange tilsyn som har vore utført, og om det har vore utført dokumentbasert tilsyn. (NOU 2018:9, s. 16; *Regnskapsførervirksomhet*, 2022) Dokumentbaserte tilsyn omfattar alle rekneskapsførarar og rekneskapsføretak. Då skal alle svare på ei rekke spørsmål via Altinn.

## 2.5 Klagenemnda for revisor-, regnskapsfører- og inkassosaker

Etter at Finanstilsynet har gjort eit vedtak i ei sak som gjeld autorisasjon for rekneskapsførarar er det Klagenemnda for revisor-, regnskapsfører- og inkassosaker som er neste steg dersom du ikkje er nøgd med avgjerda. Det er dei som i siste instans avgjer om ein rekneskapsførar får, får behalde, eller blir fråtatt autorisasjon. I følgje § 7-1 i den nye regnskapsførerlova vil forvaltningslova gjelde for klagenemnda si verksemd. Vedtak gjort i klagenemnda kan ikkje påklagast jamfør § 28 i forvaltningslova. (Forvaltningsloven, 1967)

Det er likevel verdt å merke seg at Finansdepartementet har «omgjøringskompetanse».

(Forskrift om klagenemnd for revisorsaker m.m, 2012, § 3)

Nemnda skal bestå av fem medlemmer og tre varamedlemmer, ha ein leiar og ein nestleiar som alle er utpeika av Finansdepartementet. (Forskrift om klagenemnd for revisorsaker m.m, 2012, § 2) Det er viktig at nemnda innehavar høg kompetanse både «juridisk, regnskapsfaglig, revisjonsfaglig, regnskapsførerfaglig og inkassofaglig». (Forskrift om klagenemnd for revisorsaker m.m, 2012, § 2)

Etter gjennomgang av klagenemnda sine saker dei siste 10 åra er det få av sakene som fører til omgjering av Finanstilsynet sine avgjerder. Det er ikkje ført nokon statistikk over dette, men Regnskap Norge uttaler at dei òg har erfart dette. (Regnskap Norge AS, 2023)

Sakene som er funnet interessante gjeld alle søknad om autorisasjon etter å først ha blitt fråtatt autorisasjon. (I det eine tilfellet sa klagar frå seg autorisasjon etter å ha fått varsel om tilbakekall) I alle sakene er det kravet til «hederlig vandel» som vert diskutert, men med litt ulik vinkling. Den mest interessante saken i så måte er KRR-2015-1275. Denne saka handlar om autorisasjon som revisor, men i lys av at kravet til hederlig vandel i dei gamle lovene gjaldt både for revisorar og rekneskapsførarar vert saka her tatt med som eit eksempel. I denne saka sa ein revisor frå seg autorisasjonen frivillig, og dermed vart det ingen klagebehandling og heller ikkje nokon dom på straffbart forhold. Argumentasjonen frå Klagenemnda som då oppheva Finanstilsynet sitt vedtak var dermed at «Det følger videre av lovforarbeidene at det generelt må utvises forsiktighet med å legge til grunn at en revisor ikke oppfyller kravet til hederlig vandel dersom det ikke foreligger dom på straffbart forhold», i tillegg til tida som har gått sidan klagaren leverte inn si revisorgodkjenning.

## 2.6 GRFS – God regnskapsføringsskikk

Som regnskapsførar er det viktig å halda seg til God regnskapsføringsskikk. Den første standarden blei utarbeida av bransjeorganisasjonane i 2001 og tok for seg områda byrådrift, bokføring og årsoppgjer. (Høylie, 2015, s. 20) I 2006 blei standarden tatt inn i den gamle regnskapsførerlova i § 2 (Regnskapsførerloven, 1993, § 2) og er vidareført i den nye lova i § 5-4. (Regnskapsførerloven, 2022, § 5–4) Siste revisjon av god regnskapsføringsskikk kom i 2014.

GRFS er viktige reglar som set standarden for korleis arbeidet som rekneskapsførar skal utførast, men i denne samanhengen vert det mindre viktig. I paragrafane som gjeld autorisasjon er det ikkje vist til skikken, og brot på skikken er såleis ikkje åleine grunnlag for å bli fråtatt autorisasjon. Då må ein i så fall rekne det som eit brot på § 3-3, 1. ledd bokstav d) i den nye lova. (Regnskapsførerloven, 2022) Grunnlag for å få eller blir fråtatt autorisasjon er heller ikkje nemnt i GRFS.

## 3. Metode

«I en vitenskapelig undersøkelse må det tas en rekke valg knyttet til forskningsmetodene, alt fra valg av vitenskapsteoretisk utgangspunkt til valg av hvordan innsamlet empiri skal analyseres.» (Busch, 2021) I dette kapittelet vil fokuset vera å forklara kvifor eg har gjort dei metodiske vala eg har gjort. Dette vil eg bygga på relevant metodeteori.

### 3.1 Vitskapsteoretisk tilnærming

Etter å ha valt forskingsspørsmål og sett at det er lite tidlegare forsking på temaet blei det fort klart at ein litteraturstudie ikkje ville være særleg produktivt. I og med at temaet mitt er ei lov som var trådd i kraft fem dagar før eg sette meg ned for å starte arbeidet med oppgåva var det klart at det ikkje finst store mengder teori, og dei forsøka eg hadde på litteratursøk i starten viste seg fånyttes. Sidan eg har lite teori å gå på, og det per dags dato (24.03.2023)

ikkje har vore behandla saker i klagenemnda som går på tilbakekall av autorisasjon eller avslag på søknad om autorisasjon etter den nye lova, (det er i alle fall ikkje offentleggjort referat enno) vart det fort klart at eg sjølv måtte ut og finne empirien. For å finne ut korleis eg skal gjere det ser eg til Jacobsen og hans innføring i metode.

### *3.1.1 Ei epistemologisk og pragmatisk tilnærming*

Epistemologi handlar om i kva grad det er mogleg å få sann kunnskap om verden. Ein går ut frå at det er ei skillelinje mellom verda slik den faktisk er og korleis den ser ut for forskaren. (Jacobsen, 2022, s. 25) Dermed må målet være å koma så nære denne sanninga som ein kan. Sidan ingen kan seiast å ha den heile fulle sanninga må me dermed oppsøke ulike kjelder og håpe at ein finn fram til ei oppfatning og forståing som er «den samme på tvers av individer». (Jacobsen, 2022, s. 36) Sidan sjølv ikkje lovgevar eller dei som har skrevet utkastet til lova kan sei med sikkerheit korleis det vil bli handheva er det ingen som sit på ei sanning her.

Jacobsen beskriv ei pragmatisk tilnærming til metode som at «vi leter etter en praktisk tilnærming til hvordan vi kan og bør gå fram for å foreta en undersøkelse.» (Jacobsen, 2022, s. 37) Vidare kjem det fram at reint induktive eller deduktive metodar vil være umogleg og at ein er nøydd til å bruka ein kombinasjon som han omtaler som «abduksjon». (Jacobsen, 2022, s. 37–38) I dette tilfellet passar det godt fordi det er tilgang på noko teori i lovverket, forarbeid og nokre skriv frå Finanstilsyn osb. Men likevel treng eg å samle inn empiri for å kunne sei noko om korleis det mest sannsynleg vil bli handheva.

## **3.2 Val av undersøkingsdesign**

Når eg skal velje undersøkingsdesign er det viktig å finne det opplegg som passar best til mi problemstilling. (Jacobsen, 2022, s. 99) Vanlegvis reknar ein det for å vera tre ulike design når ein nyttar ei pragmatisk tilnærming. Eksplorativt, deskriptivt og kausalt. (Gripsrud et al., 2004, s. 58) I mitt tilfelle har eg ei forklarande problemstilling (Busch, 2021, s. 34) og det eg

vil vite noko om er det lite teori på. Sidan eg her skal beskrive situasjonen på eit bestemt område(Gripsrud et al., 2004, s. 61) reknar eg eit deskriktivt design for å vera eit fornuftig val. Den naturlege starten er å undersøke om det er skrevet noko temaet, for deretter å sjå om det er samla inn data av andre. Det er det lite av i mitt tilfelle.

### 3.3 Kvalitative eller kvantitative data

Etter at eg hadde kome fram til temaet for oppgåva og eg skulle begynne å samle inn informasjon og lese meg opp på temaet blei det raskt klart at eg på nokre områder ikkje hadde noko særleg val når det kom til val av metode. I og med at lova var heilt ny, kunne eg ikkje rekna med at rekneskapsførarar generelt har inngåande kjennskap til lova, og dermed verka det fånyttes å senda ut ei spørjeundersøking i store kvanta sjølv om det typiske for eit deskriktivt design er å nytte spørjeskjema og sende ut til eit representativt utval. (Gripsrud et al., 2004, s. 62) Etter ein vurdering av temaet og korleis ein skal kunne formulere spørsmål og svaralternativ har eg derimot kome fram til at det i mitt tilfelle vil vera mykje meir nyttig å gjera djupneintervju på same måte som ein gjer i eit eksplorativt design. (Gripsrud et al., 2004, s. 63–64)

I denne oppgåva ynskjer eg å finne ut kva meningar og oppfatningar rekneskapsførarar og andre som har greie på Regnskapsførerloven har av lova. Dermed passar det å gjera ein-til-ein intervju med ein intervjuguide som utgangspunkt. (Gripsrud et al., 2004, s. 60) Når eg skal samle inn kvalitative data bør eg forsøka å legga færrast mogleg føringar for dataa eg skal samle inn, for så å strukturere den i etterkant. (Jacobsen, 2022, s. 139) Det vil sei at eg må prøve å legge bort alle mine tankar om svaret på spørsmålet, og være veldig nøyne med at alle mine spørsmål er formulert slik at dei ikkje er leiande. På denne måten håpar eg at eg kan få resultat med høg presisjon. (Jacobsen, 2022, s. 141)

Vidare ynskjer eg ei stor breidd i svara, og håpar at eg slik kan få ei bra nyanse i dataa som vert samla inn. Sidan me ikkje på førehand veit noko om korleis lova vil bli handheva er dette

nyttig. Her er det å føretrekka å kunne intervju respondentane ansikt til ansikt. Denne typen innsamling av data er ressurskrevjande, (Jacobsen, 2022, s. 142–143) men heldigvis har ein i dag ein moglegheit som er nesten like god gjennom videosamtalen. På denne måten kan eg gjere mange djupneintervju der eg ser den eg samtaler med, utan at eg må bruke mykje tid og pengar på å reise rundt i Noreg, eller blir nøydd til å avgrense utvalet på bakgrunn av mangel på tid og pengar. Alle intervjuet utanom eitt blei gjennomført på denne måten. Det vart gjennomført som eit telefonintervju etter respondentens ynskje. Her er det viktig å tenke på det forskingsetiske, spesielt med tanke på eg vil gjere lydopptak. (Jacobsen, 2022, s. 160) Eg innhentar derfor samtykke frå respondentane og søker Sikt (tidlegare NSD) om tillating til å behandle personopplysningar.

Sidan det er ganske spesifikke opplysningar eg er ute etter planlegg eg å nytte ein sterk til middels struktureringsgrad av intervjuet. (Jacobsen, 2022, s. 167–168) Eg har laga ein fullstendig intervjuguide, men opnar opp for at respondentane kan koma med eigne opplysningar undervegs. Når intervjuet skal gjennomførast vel eg å følgja Jacobsens råd om å førebu meg godt, starte med intervjuets hensikt, generelle spørsmål osb. (Jacobsen, 2022, s. 172–176) Som eg kjem tilbake til i kapittelet om gjennomføring av intervju viser det seg at det å halde på ein sterk struktureringsgrad ikkje nødvendigvis er enkelt.

### 3.4 Utveljing av intervjuobjekt

Sidan det er avgrensa med tid er eg nøydd til å gjera eit mindre utval av personar som eg ynskjer å intervju. Når eg skal gjere utvalet er det fleire ting som må takast i betraktning. For å få svar på problemstillinga mi treng eg respondentar som har kjennskap til og kunnskap om lovverket.

Jacobsen har tre steg som ein bør følgje når ein skal gjere eit utval. (Jacobsen, 2022, s. 192–194) Først må eg skaffe meg oversikt over dei einingane eg ville ynskja å undersøka dersom eg har uavgrensa med tid, pengar og analysemoglegheiter. (Jacobsen, 2022, s. 192) Her er

det nok i første omgang «Revisor- og regnskapsførerlovutvalget» som ville vore dei beste intervjuobjekta. Dei har tross alt jobba med lovteksten og det er dei som har kome med forslaget som stortinget har vedtatt. Deretter ville eg ha undersøkt synspunkta til nokre høgtståande medlemmer i Finanstilsynet og dei som utfører tilsyna og frå medlemmer av klagenemnda for revisor-, regnskapsfører- og inkassosaker. Vidare vil eg ynskje svar frå «vanlege» rekneskapsførarar slik at eg kan finne ut korleis dei forheld seg til lovverket og om dei har kjennskap til og kunnskap om det.

Det neste steget er å spesifisere «inkluderings- og ekskluderingskriterier». (Jacobsen, 2022, s. 193) I dette tilfellet er gruppa med aktuelle deltarar allereie ganske lita, slik at det ikkje er behov for å ekskludere spesifikke undergrupper. Spesielt lovutvalet, Finanstilsynet og klagenemnda er veldig avgrensa, og når det gjeld rekneskapsførarar generelt så er det ikkje nokon spesifikke kriterium som må oppfyllast.

Det siste steget er å «spesifisere utvalgskriterier». (Jacobsen, 2022, s. 194) I utvalet mitt har eg allereie sett at eg treng ei breidd i einingar og må difor bruke bredde og variasjon for å velje einingar. I tillegg til dette treng eg personar som sit med ein spesifikk kunnskap, eller har informasjon som er nyttig for meg. Derfor vel eg å ta i mot tips frå dei eg intervjuar og andre ressurspersonar angåande kven eg bør snakke med for å oppnå ein større innsikt innafor tematikken. Dette vil vært såkalla «informanter» (Jacobsen, 2022, s. 196) som har god kjennskap til den både regnskapsføraryrket, lova, arbeidet med lova og praktisering av den gamle lova, samt ei god forståing av korleis den nye lova kjem til å bli praktisert. Ein kan òg sjå likskapar med snøballmetoden (Jacobsen, 2022, s. 197) med unntak av at eg òg har ei liste med interessante folk før eg startar med intervju.

For å oppsummera vil eg ta kontakt med lovutvalet, Finanstilsynet, klagenemnda og deretter nokre som arbeider med rekneskapsføring i dag og be dei om å stille til intervju. Intervjuet kjem til å bli tatt opp på lydopptak og eg håpar slik å finne svar på problemstillinga mi.

Når det kjem til kor mange som skal undersøkast skriv Jacobsen at størrelsen på utvalet bør bestemmost av «kva slags informasjon vi er interessert i». (Jacobsen, 2022, s. 203) I mitt tilfelle tilseier det at eg kan godta eit relativt lite utval så lenge utvalet har god kunnskap om temaet. For dette prosjektet er det viktigaste at eg får informasjon om temaet. Det er ikkje så nøye kven som kjem med informasjonen eller kor mange kjelder den kjem frå, så lenge dei har kunnskap og truverdigheit. Vidare blir det lista opp to steg for å bestemme utvalet størrelse. (Jacobsen, 2022, s. 203) Først må ein sette eit utgangskriterium og deretter eit stoppkriterium.

Utgangskriteriumet mitt har eg satt til fire personar. På denne måten vil eg kunne få intervjuer nokre få personar med kompetanse på lova, og nokre få personar som arbeider som rekneskapsførarar. I følgje Jacobsen bør ein setje stoppkriteriumet slik at den siste personen ein intervjuar ikkje bidrar med meir kunnskap. (Jacobsen, 2022, s. 203) Ein annan moglegheit er å setje ei grense på grunnlag av «tilgjengelig tid og ressursar». (Jacobsen, 2022, s. 203) I dette tilfellet vert det ein blanding av dei to kriteria. Det er nok alltid mogleg å få tilført meir kunnskap om emnet, og slik sett kan ein gjennomføre mange fleire intervju. Derfor blir vurderinga at ein etter kvart må vurdere kunnskapen som er samla inn opp mot tilgjengeleg tid til overs.

#### *3.4.1 Prosessen med å hente inn intervjuobjekt*

For å få tak i personar til utvalet starta eg med å sende mail med førespurnad om å delta i intervju til nokre namngjevne personar i lovutvalet. Deretter sendte eg same mailen til Finanstilsynet med ynskje om at informasjonen skulle bli vidareformidla til avdelinga som arbeider med tilsyn av rekneskapsførarar. Til sist sendte eg førespurnaden til nokre namngjevne personar i Klagenemnda for revisor-, regnksapsfører-, og inkassosaker. Deretter leita eg opp nokre lokale rekneskapsførarar frå bedrifter som eg fann på nettet og sendte ut førespurnader.

Frå lovutvalet har eg fått oppretta kontakt med fleire personar, medan Finanstilsynet berre vil ha ein ope prat om tematikken. Klagenemnda kunne ikkje stille til intervju av omsyn til nemndas uavhengigheit. Dei som eg har snakka med har vidare tipsa om fleire informantar som kan sitje på verdifull informasjon. Difor føl eg den vegen vidare og har oppretta kontakt med fleire juristar, samt nokre leiarar av rekneskapsføretak og andre som jobbar med tematikken.

### 3.5 Planlagt gjennomføring av intervju

Som tidlegare nemnt er det det opne intervjuet eg nyttar. Eg starta intervjeta med ein litt generell samtale om meg og prosjektet, samt at eg fekk vita litt om deira bakgrunn, erfaringar og kjennskap til temaet. Deretter gjekk eg rett inn i temaet.

Det var frå starten av ein tanke om å ha litt struktur på intervjeta, men etter første samtale forstod eg at gruppa mi med respondentar er folk som er vant til å både snakke og diskutere akademisk og sit med mykje kunnskap og informasjon som dei brenn etter å få ut. Etter kvart blei det slik at respondentane overtok styringa og fekk fortelje om det som dei såg som viktigast, samt det dei hadde kunnskap om innafor tematikken. Nokre småstyringar frå meg viss dei hamna for langt utanfor temaet var tidvis nødvendig, men det var stort sett relevant alt eg fekk vita. I tillegg hadde eg nokre spesifikke spørsmål eg trengte svar på frå intervjuguiden. Fleire av respondentane sat berre på nokre små delar av informasjonen, og kunne ikkje svara på alle spørsmåla. Difor vart det til at intervjuguiden etter kvart berre blei eit overordna styringsdokument og ikkje brukt slavisk. Då eg kom til intervjeta med dei som til dagleg arbeider med rekneskap og liknande fann eg at eg måtte ta meir over styringa igjen. Dette samsvara med min teori om at dei ikkje hadde same inngåande kjennskap til lova som det dei første respondentane hadde.

### 3.6 Analyse av informasjon

Det første steget etter intervjuet var å hente ut informasjon fra lydopptaka. I følgje Jacobsen er transkribering den ideelle måten å gjøre det på, men tidkrevjande. (Jacobsen, 2022, s. 211–212) Eg valde derfor å gjera det på ein litt enklare måte. Eg høyrd gjennom intervjuet samtidig som eg skriv ned det som eg rekna som nyttig informasjon og stoppa opptaket periodevis for å få nedskrive alt relevant. På denne måten tok det ikkje alt for lang tid, og eg fekk med meg det eg rekna som det viktigaste.

For å systematisere oppgåva på ein måte slik at informasjonen kjem best mogleg fram til leserane har eg vald å kategorisera. På den måten kan eg få samla informasjonen som er gitt gjennom intervjuet i nokre få kategoriar. (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 208) Eg har kategorisert funna frå intervjuet i underproblemstillingane for å prøve å svare på hovudproblemstillinga på ein best mogleg måte. Eg òg valt å gjøre analysen i same kapittelet slik at det vert mest mogleg oversiktleg og eg får dermed haldt kategoriane kvar for seg.

Gjennom intervjuet får eg veldig mykje informasjon der ikkje alt er relevant for oppgåva. Derfor er følgeleg ikkje all data tatt med og det er gjort nokre velvalte avgrensingar. (Asbjørn Johannessen et al., 2020, s. 185)

### 3.7 Oppgåvas kvalitet

Denne oppgåva er til ein viss grad overførbar. Det er ein del svakheiter, for eksempel er det alltid vanskeleg å uttala seg om framtida, korleis ei lov kjem til å bli handheva. Samtidig består utvalet av personar som blant anna har vore med å skrevet lova, prosedert fleire store saker innafor sjangeren og generelt personar som har god kompetanse slik at deira meningar om korleis ting vil bli kan reknast som kvalifiserte gjettingar.

Gjennom heile oppgåva har eg prøvd å vera transparent med kva vurderingar som har blitt

gjort. På den måten håpar eg å gje oppgåva ekstra truverdigheit. Vidare er eg avhengig av at respondentane har svara ærleg og oppriktig på spørsmåla. Det kan ein aldri væra heilt sikker på, men det er ikkje nokon spesiell grunn til å tru at nokon skal kome med falsk informasjon i denne samanhengen. Dei har blitt spurt om sine meininger, og så lenge ein er påpasseleg med å ikkje ta respondentane sine meininger som absolutt sanning og legg det fram som meininger er ein på trygg grunn. Når det gjeld «overførbarhet» er ikkje dette så relevant for samfunnet generelt. Dette skal ikkje generaliserast for ein heil populasjonen. Men håpet er at kunnskapen som blir lagt fram i oppgåva kan væra nyttig for dei relevante yrkesgruppene.

## 4. Presentasjon av funn og analyse

### 4.1 Innleiing

Det første intervjet var med ein respondent frå Revisor- og regnskapsførerlovutvalget (Utvalsmedlem 1). Her kom det fram mykje interessant informasjon om både prosessen då dei arbeida fram lovteksten og litt meir om grunngjevinga for kvifor dei har vald dei bestemmingane og formuleringane som dei enda opp med. I tillegg kom det mange gode tips til folk som kunne vera interessant å snakka med og som kunne vera gode informantar til oppgåva. Deretter var det ein litt uformell samtale med representantar frå Finanstilsynet der dei la fram sine tankar om lova og om korleis saker vil bli behandla hjå dei. Det neste intervjet var med ein lovutvalsrepresentant som har sett på lovverket frå NHO si side (Utvalsmedlem 2) og hadde nokon innspel frå den vinkelen, før eg intervjuja ein advokat som har inngåande kjennskap til fleire klagenemndsaker, samt lovgjevinga, autorisasjonsordninga og rekneskapsførarar som på ulike måtar har hatt problem etter tilsynssaker. Til sist blei nokre representantar frå rekneskapsstanden, i form av ein person som er dagleg leiar og ein person som driv med rådgjeving og kursing inn mot rekneskapsføretaka, intervjuja.

Allereie i første intervjet blei prosessen rundt arbeidet med stoffet då lova vart utforma godt forklart, og mykje god bakgrunnskunnskap kom fram. Som antatt på førehand blir det opplyst at mykje av jobben blei gjort allereie under arbeidet med revisorlova som lovutvalet

presenterte i NOU 2017:15. Då dei skulle begynne å jobbe med regnskapsførerlova vart mykje kopiert direkte frå revisorlova. Ein del av mandatet til lovutvalet var at dei skulle sjå på samordning mellom dei to lovene sjølv om dei enda opp med to lover så var det mykje som kunne og burde haldast likt. Når det gjeld § 3-3 og § 6-1 i regnskapsførerlova så er innhaldet i dei likt som i dei tilsvarande paragrafane i revisorlova, med unntak av at formuleringane er litt annleis, utan at det forandrar innhaldet.

På spørsmål om kjennskap til lova er det klart at respondentane frå lovutval, Finanstilsynet og juristar som arbeider med dette, samt rådgjevaren som kursar selskapa i lova har god kjennskap. Når det kjem til dei som i dag arbeider som rekneskapsførarar får eg raskt inntrykk av at ein har ein viss kjennskap til nokre element, men dette som går på krava til skikkethet er nok ikkje noko som så veldig mange vanlege rekneskapsførarar har inngåande kunnskap om. Tilbakemeldinga frå dei som snakkar med mange rekneskapsførarar er at mange kjenner på ein usikkerheit på kva lova eigentleg inneber og at det er eit stort og uoversiktleg lovverk som er vanskeleg å heilt forstå.

Tilbakemeldingane på kva som dei ser som dei største endringane i den nye lova når det kjem til autorisasjon er sprikande. Nokon peikar på åtferdskravet, medan andre igjen nemner utdanning, praksis og likviditetskrav til fysiske personar som store endringar. Kva det vil sei å vera likvid er òg eit spørsmål som det er usikkerheit rundt.

Noko av det første lovutvalet såg på, og som i følgje Utvalsmedlem 1 var eit av dei viktigaste punkta å få endra på var nokre saker der ein person hadde dobbel godkjenning. Altså godkjenning både som rekneskapsførar og revisor. Vedkommande i det tilfellet som vart nemnt mista autorisasjonen som rekneskapsførar, men kunne halde fram som revisor fordi ein ikkje hadde høve til å ta frå autorisasjon som revisor på grunnlag av forsømingar gjort som rekneskapsførar. Dette var det første ein ville bøta på. At dette var ein så stor nødvendigheit er det ikkje alle som er heilt samde om. Juristen kommenterer blant anna at

ein burde sjå til grunnlaget for å ha mista autorisasjon som rekneskapsførar og deretter vurdere om det skal føre til tilbakekall som revisor òg, ikkje berre automatisk ta ein autorisasjon på grunn av at ein har mista ein annan. Moglegheita for å gjere dette finne ein i § 6-1 jf. § 3-3, 2. ledd, bokstav a. (Regnskapsførerloven, 2022)

#### 4.2 Blir det nokon endring i terskelen?

Frå Utvalsmedlem 1 kjem det fram at poenget, slik respondenten sjølv tenkte og oppfatta lovutvalet, med å innføra bestemminga om utvist åtferd var at ein såg eit hol i lovverket og at ein såg eit reelt behov for å kunne fjerna menneske, som ein meiner ikkje er eigna til å utføra yrket, frå bransjen. Respondenten var òg overtydd om at det kjem til å få ein reell betydning og uttaler at det ikkje hadde blitt tatt inn i lova viss det berre var tenkte tilfelle som kanskje kunne skje. Det vil bli fleire tilbakekall som grunnast i dei tre omsyna i § 3-3, 2. ledd.

Juristen som har sitt perspektiv frå utsida av forvaltinga er meir usikker på om det faktisk blir nokon endring. At det vil koma nokre saker der ein må vurdera kva som ligg i det å ha utvist ei åtferd er nok å venta, viss ikkje har ikkje bestemminga nokon betydning, men kor store endringar det vert er respondenten usikker på. Vedkommande kommenterer òg at ein i dette beveger seg frå eit reint rettsanvendelsesskjønn og mot det frie skjønn. Dette medfører i så fall at domstolen ikkje vil kunne overprøve skjønnet i desse sakene. (*Fritt skjønn—Jusinfo.no*, 2020)

Juristen meiner òg å sjå ein viss tendens til at Finanstilsynet er ganske kritiske til dei dei kontrollerer. Det skal dei òg vera, men lista vert kanskje lagt litt for høgt. For eksempel er det saker der dei har uttalt seg om og tatt avgjerder om ein rekneskapsførar eller revisor ut frå ein enkelsak, utan å sjå til andre tilsvarande oppdrag som vedkommande har. Noko som kan føra til at ein rekneskapsførar kan mista autorisasjon på grunn av feil i ein enkelsak utan at det nødvendigvis er eit mønster som tilseier at vedkommande ikkje vil gjera ein god jobb i

framtida. Når det gjeld overtredelsesgebyret uttaler respondenten at ein kan jo håpe på at ein heller gir overtredelsesgebyr før ein går til det steget å ta autorisasjon, men at det nok mest vil bli brukt på selskap. Respondentane frå Finanstilsynet gav uttrykk for at det truleg vil vera mest aktuelt å fatta vedtak om gebyr til føretak. Dersom ein statsautorisert rekneskapsførar bryt sine plikter etter lov og forskrift vil det vera naturleg å vurdera om det skal fattast vedtak om tilbakekall av godkjenninga.

Frå respondentane i Finanstilsynet blir det nemnt at «ein trur nok ikkje at åtferdsvilkåret i § 3-3 vil føra til at ein totalt sett får fleire tilbakekall, men at ein gjerne får eit betre grunnlag for tilbakekalla.»

Tilbakemeldingane frå rekneskapsbyrå og kursa som vert heldt for dei er at det er stor usikkerheit knytt til korleis denne terskelen vert. Det er òg ein stor usikkerheit for rekneskapsbyråa som må vite at sine tilsette er innafor krava. Må dei til å kredittsjekke sine tilsette? Ein har system for det i forbindelse med kvitvasking, så det er ein moglegheit. Men dei håpar på retningslinjer for korleis ein skal forhalda seg til det.

Her kjem det fram at det er ganske ulike meininger frå dei ulike respondentane. Lovutvalet har ein tanke om kva dei meiner skal bli ramma av lova, Finanstilsynet har ein annan tanke om korleis dei vil tolke lova, og Juristen har enno eit syn på saka. Vidare finn eg at dei som faktisk arbeider med rekneskap til dagleg er usikre på korleis dei skal møte dette, og kva det vil ha å seie for dei.

#### 4.3 Ein open formulering – nødvendig eller noko som skapar usikkerheit?

I følgje Juristen kan det nye åtferdsskjønnet være eit problem i og med at ein ikkje veit kva slags saker som kan påverke. For eksempel står det i Finanstilsynets rundskriv om

egnethetskrav at «Brudd på veitrafikklovgivningen tillegges ikke vekt.» (Finanstilsynet, s. 10) Men, uttaler Juristen, kva om det gjeld gjentatte tilfelle av promillekøyring? Vil det då kunne tenkast at dei vil sjå på det som ei åtferd som omfattast av § 3-3? (Regnskapsførerloven, 2022) I og med at formuleringa er så open som den er, vil det vera vanskeleg å sei noko konkret om korleis tilsynet vil vurdera. Etter gammal lov veit me at dersom du er straffedømt for relevante økonomiske forbrytingar så er det klart at du skal bli fråtatt autorisasjonen. Men kva om du no har ein del generelle lovbrot for bilkøyring, vald, osb. Har du då utvist ei slik åtferd? Kva med brot på Lov om toll og vareførsel? At ein har importert narkotiske stoff. Har du då utvist ei slik åtferd? Reint teoretisk er dette svært problematisk i følgje denne respondenten.

Frå den andre sida får eg høyra frå Utvalsmedlem 1 at ja, dette er ein sekkepost som er meint å fange opp dei tilfella ein ikkje tidlegare har hatt heimel for å ta. Og akkurat derfor har ein tatt inn 2. ledd for å leggja litt føringar for korleis åtferdskravet skal tolkast. Det blir poengtert at det er to vilkår. Ein må kunne bevise at det er utvist ei åtferd. Samtidig må ein òg kunne sei at denne åtferda gir grunn til å anta at ein ikkje kan utføra yrket på ein god måte i framtida. Når ein då i tillegg skal ta «særlig hensyn» (Regnskapsførerloven, 2022, § 3-3, 2. ledd) er kanskje ikkje bestemminga i praksis so open som det ordlyden gjer uttrykk for.

Frå Juristen kjem det òg at sjølv om eit slikt vilkår i teorien er problematisk, så er ikkje frykta særleg stor for at det skal bli misbrukt. I Noreg er me trass alt heldige med ei forvaltning som består av ærlege tenestemenn og me har eit tilsyn som stort sett har vist godt skjønn. Det er unntakssakene som her kan bli eitt problem. Spørsmålet er om tilsynet eigentleg har behov for ein slik heimel. Når det offentlege ber om ein heimel tar dei, i følgje Juristen, veldig i. Som regel får dei det dei etterspør fordi me i Noreg har ei veldig ryddig forvaltning. Det er behov for kontroll med forvaltninga her òg, men me har ein situasjon der me kan gje dei vidare fullmakter enn i mange andre land. Det vert sjeldan misbrukt, sjølv om det òg hender.

Når det gjeld spørsmålet om kvifor Juristen trur me har tatt inn eit så opent vilkår kjem det ei mogleg grunngjeving til kvifor Finanstilsynet har ønska den heimelen. Det vert eksemplifisert med ein pågåande straffesak der ein rekneskapsførar òg er tungt involvert i anna verksemrdrift. For dei som er i bransjen er det ikkje ei overrasking at vedkommande vert tiltala for noko, og respondenten «ville ikkje lånt han ein tiar». Dette kan være ein type åtferd som ein ser at kan være problematisk i samband med å skulle drive som rekneskapsførar. Ved hjelp av denne heimelen vil ein ha moglegheit til å slå ned på slikt sjølv om ein ikkje har ein enkeltståande sak som kan nekta autorisasjon. Spørsmålet er om eventuell eksklusjon frå bransjeforeiningane kunne vore eit sterkt nok signal til publikum om at her er det noko som ikkje heilt stemmer.

Når det gjeld det gamle kravet til hederlig vandel, vert klagenemnda si forståing av kravet slik det stod i den gamle lova løfta nemnt. Då er det fleire av respondentane som er usikre på om dei er einige med klagenemnda si forståing av lova og er usikre på om ein kan ta klagenemnda si forståing i enkelte saker som uttrykk for gjeldande rett, medan andre igjen vil meina at det her er klagenemnda som har tolka lova korrekt.

Frå dei som sit på rekneskapsførarane si side er det litt ulike meningar om dette. På den eine sida vert det kommentert at det er positivt at Finanstilsynet får moglegheit til å plukke ut dei som ikkje bør ha autorisasjon og at ein dermed får meir tillit til rekneskapsførarar. Dette aukar tilliten både frå kontrollmyndigheter og frå kundar og samfunnet generelt. Frå den andre sida blir det nemnt at ein her famnar det meste utan å sei så mykje. Tankane blir automatisk dratt til GRFS og at det er ein standard som ein reknar med vil bli vektlagt her. Dersom ein har brote GRFS på ein grov måte og slikt sett ikkje utøvt yrket på ein forsvarleg måte så vil det hamne inn under åtferdskravet.

Her finn ein igjen ganske ulike syn på saka. Finanstilsynet har sett eit behov for denne heimelen. Juristen er kritisk til om dei verkeleg har eit behov for den, og blant

rekneskapsførarar spriker synet veldig frå at dei er redd for kva det kan brukast til, til ein rein positiv haldning til at Finanstilsynet no får betre moglegheit til å luke ut dei som ikkje bør vere i yrket. Men det verkar til å vera ein viss einigheit om at det er behov for eit verkemiddel for å plukke ut dei enkeltilfella som ein ikkje har hatt moglegheit til å ta før. At ein no har ein heimel som er mogleg å bruka til å ta ut kriminelle som ein ikkje har fått straffedømt for økonomisk kriminalitet. Utvalsmedlem 2 kommenterer at det er viktig at rekneskapstenestene vert gode nok. Kva det betyr og kven som skal vurdere det er eit opent spørsmål. Men for næringslivet som skal nyitta seg av desse tenestene er det eit veldig viktig poeng at rekneskapsførarane er til å stola på. Autorisasjonsordninga er der for å ivareta dette perspektivet.

#### 4.4 Kor grovt må brotet vera?

Frå Utvalsmedlem 1 blir det presisert at det ikkje lenger er nok at det er gjentatte brot, dei må òg til saman vera grove. For eksempel det at ein ikkje har overhaldt etterutdanningskravet og fleire år på rad manglar nokon få timer på dei pålagte 80 timane ville i teorien tidlegare kunna ført til tilbakekall, medan det no ikkje lenger vil vera nok. Dette er lovfesting av etablert praksis, sidan ein ikkje tidlegare heller har vore så streng, men det er positivt å ta bort moglegheita for å ta bort autorisasjon der ein ikkje har behov for det.

Juristen fokuserer meir på kva som skal defineraast som grovt. Det blir nemnt at det kan verka som at tilsynet meiner at ein grov glipp kan vera grunnlag for tilbakekall. Altså at det er ein uforsettleg feil. For eksempel ved at ein har trekt tilbake autorisasjon på grunn av at feilen gjeld eit veldig stort beløp, utan å sjå på kva anna arbeid personen har gjort, om dette er eit trekk ved arbeidet til vedkommande, eller om dette er ei eingongshending som er lite truleg at gjentar seg. I tillegg blir tidsbestemt tilbakekall nemnt. Når ein trekk ein autorisasjon så har det ikkje tidlegare blitt brukt tidsbestemt tilbakekall, og no er moglegheita fjerna frå lova. Juristen foreslår at ein kunne formulert det som at vedkommande ikkje kan søka om ny autorisasjon før etter 5 år. På den måten er det tydeleg kva ein har å forhalda seg til, og ein kan ta ein ny vurdering etter 5 år. Frå Utvalsmedlem 1 kjem det eit litt anna syn på det med

tidsbestemt tilbakekall. Det er vanskeleg å skulle sei at me ser deg ikkje som eigna til å utføre dette yrket i dag, men om 2 år så reknar me med at du er eigna.

Respondentane som enten er rekneskapsførarar eller arbeider tett med dei er usikre på kva som vil bli rekna som eit grovt brot. Ein av dei tenkjer seg fram til at for eksempel det å føre frådrag for noko som det ikkje er frådragsrett for vil kunne vera eit slikt tilfelle.

I tillegg er det dukkar det opp eit spørsmål frå Juristen om korleis det å bli fråtatt autorisasjon vil slå ut i forhold til å kunne søke på ny. Vil ein berre sei at sidan du har mista autorisasjon så har du utvist ei åtferd som gir grunn til å tru at du ikkje kan utføra yrket på ein forsvarleg måte? Eller vil det bygga på sjølve brotet ein gjorde for å mista autorisasjonen? Og burde det i så fall vera nok å kunne sei at sidan du har mista ein type godkjenning så skal det vera grunnlag for å kunne bli fråtatt andre godkjenningar, eller bør ein her òg sjå på grunnen for at du mista autorisasjonen? Vidare samanliknar respondenten det med legeyrket der det er relativt sjeldan at nokon mistar bevillinga. Kvifor er det slik at ein raskare blir rekna som ueigna rekneskapsførar samanlikna med legeyrket?

Ei samanfatting av meiningsane rundt kor grovt eit brot må vera gir ikkje så veldig mykje klarheit i spørsmålet. Det kan verka som om ingen eigentleg veit heilt kor den grensa går. Det blir nemnt at det å bryte etterutdanningskravet ikkje blir sett på som grovt, i alle fall så lenge det ikkje er snakk om så mange timer. Elles ser ein her òg at rekneskapsførarane og Juristen på eine sida, og Finanstilsynet og lovutvalet på andre sida har ganske ulike meininger om kor grensa skal gå. Juristen og nokre av rekneskapsførarane verkar som dei er litt urolege for at tilsynet litt for raskt reknar eit brot som grovt.

#### **4.5 Er tersklane for å få og bli fråtatt autorisasjon lik for revisor og rekneskapsførar?**

I følgje Utvalsmedlem 1 skal terskelen vera stort sett den same. Ein del av mandatet til

lovutvalet var å samordne regelverka og difor har ein brukt same ordlyd. Utvalsmedlemmet kan nok kanskje tenka seg at det vil oppstå nokre situasjonar der noko vil vera relevant for ein rekneskapsførar, men ikkje ein revisor, men har ingen konkrete eksempel. Det er meint å vera likt for å gjera det enklare både for dei som skal bruke lova, og særleg Finanstilsynet.

Juristen tvilar på at me heilt vil få svaret på dette, at det ikkje vil bli satt slik på spissen. Tenestene som ein rekneskapsførar og revisor utfører er ulike. Ein revisor tilbyr hovudsakleg revisjon og attestasjon når det kjem til det som er underlagt autorisasjonen og vil nok neppe kunne bli fråtatt autorisasjon på bakgrunn av dårlig rådgjeving eller forretningsdrift. Rekneskapsførarar har eit heilt anna produksjonsansvar som då blir ganske annleis. I tillegg er det forskjell på utdanning og bakgrunn, og det er dermed vanskeleg å samanlikna dei to yrka slikt sett.

Tilbakemeldinga frå dei som arbeider med rekneskap er at lista gjerne kan vera lik. Revisoren har ein kontrollfunksjon av rekneskapsførar sitt arbeid, og ein ser at minstekrava før revisjonsplikta slår inn stadig aukar. Det fører til at rekneskapsførarar no utfører mange av dei oppgåvane som revisor tidlegare har gjort, og dermed òg har meir av ansvaret. Kundane fører meir av rekneskapen sjølv, og rekneskapsføraren blir dermed òg meir og meir ein kontrollør.

Korleis det vil sjå ut for rekneskapsførarar samanlikna med revisorar er usikkert. Det er einighet om at det er dei same etiske krava som stilles til begge yrkesgruppene, og så er det litt meir usikkerheit rundt om det i praksis kanskje vil sjå litt forskjellig ut med tanke på kva type brot som vil føra til tilbakekall av autorisasjon, alt etter om ein er revisor eller rekneskapsførar.

#### 4.6 Frykt for, og konsekvensar av, eit tilsyn der det blir avdekka brot

I samtale med respondentane som enten jobbar som rekneskapsførarar eller eventuelt representerer dei på eitt eller anna vis er det ganske forskjellige syn som kjem til uttrykk når det gjeld kor redd ein er for å bli fråtatt autorisasjon. Nokre er ganske avslappa og tenkjer at så lenge ein held seg godt på rett side av lova er det ikkje noko problem og frykter verken for seg sjølv eller sine tilsette. Ein kan kanskje tenke seg ein situasjon der ein får økonomiske problem, og slik kjem i trøbbel, men det skal mykje til før det går så langt at ein mistar autorisasjon. Vedkommande som la fram dette synet var heller kritisk til at det går for lang tid før Finanstilsynet gjer noko og eksemplifiserer dette med at vedkommande kjenner til eit tilfelle der eit føretak hadde null i inntekt og mykje uteståande, men fekk halde fram likevel. Dagleg leiar blei sett på som halvkriminell, men Finanstilsynet greip likevel ikkje inn, så det er heilt greitt for denne respondenten at det vert strengare. Det tar i tillegg lang tid frå ein rapporterer noko før det skjer noko. Vedkommande si oppfatning er at dei aller fleste rekneskapsførarar er skikkelege folk, og då burde det ikkje bli eit problem om krava for å bli rekna som skikka vert litt strengare.

Andre igjen melder om at ein ikkje nødvendigvis føler seg direkte pressa når det gjeld det å bli fråtatt autorisasjonen, men det å vera kvalitetsansvarleg i ei bedrift er no eit veldig stort ansvar som gjer at ein kanskje føler usikkerheit. Dei rapporterer òg om fleire rekneskapsførarar som no er usikre og kjenner på at ansvaret er blitt mykje større. Nokre til ei slik grad at dei etter å ha vore på kurs i den nye rekneskapsførarlova vurderer å levere inn autorisasjonen fordi trusselen om store bøter og det å bli gjort ansvarleg for uforsettlege handlingar verkar skremmande. På kursa no har det vore ein del fokus på dette med bøter. Dette var òg ein moglegheit etter den gamle lova, men no er det betydeleg framheva i og med at det er spesifikt nemnt at dette òg kan gjelda fysiske personar, samt at det er satt ei beløpsgrense på inntil 1 million kroner.

Dei fleste av respondentane reknar med at bøter for fysiske personar er lite sannsynleg, medan andre peikar på det faktum at det er tatt inn i lova ein moglegheit for gebyr opp til 1

million kroner, noko som vil vera ganske katastrofalt for dei fleste, kan vera så skremmande at ein ikkje ynskjer å sitje med ansvaret. Fleire nemner òg at ansvaret som oppdragsansvarlege sit med er større etter den nye lova. Resultatet av alt dette kan, i følgje ein av respondentane vera at ein lager system der ein omgår reglane ved å ikkje vera autoriserte rekneskapsførarar og heller leiger seg ut som rådgjevarar til bedrifter som sjølv vert ståande som ansvarlege for rekneskapen. Med alle dokumentasjonsskrava risikerer ein at det vert så mykje for rekneskapsførarar å gjere at kunden ikkje er villig til å betale for tenestene, og at ein dermed legg alt ansvaret tilbake på kundane og berre leiger ut rådgjevingstenester.

Når det gjeld det å bli fråtatt autorisasjon tar Juristen opp rettsvernet for rekneskapsførar og det at dette i praksis kan bety eit yrkesforbod. Ein er her nøydd til å ha ei kvalifisert sannsynsovervekt. Nokon vil kanskje påstå at ein må ha bevisbyrde som i ein rettssak. Så strengt er det nok ikkje, men ein må ha eit sannsyn som er ein del meir enn 50%. I denne typen saker får rapportar frå tilsyn ein veldig bevisverdi, både i klagenemnda og domstolane. Det vert presisert at i ei straffesak eller anna sak der mykje står på spel har ikkje slike rapportar nokon bevisverdi, ein får ikkje lov til å føra dei som bevis. Det som er bekymringsverdig er, i følgje Juristen, at det er betydeleg kvalitetsforskjell mellom kontrollørane som skriv rapportane. Vidare blir det påstått at felles for dei fleste av dei er at dei ikkje har arbeidd i privat sektor i det heile, og har dermed ikkje erfaring med problemstillingar som dukkar opp og korleis yrket vert utført. Det fører då til stiliserte og abstrakte krav for kva som skal vera norm for god yrkesutøving. Dersom bevisa i desse sakene berre er innhenta av revisorar i Finanstilsynet utan nokon spesiell etterutdanning så spørst det om grunnlaget for å ta desse autorisasjonane er godt nok utreia.

I tillegg er det belastande å gå i rette med tilsynsorganet for ein som er avhengig av det same tilsynsorganet. Frå Juristen får eg høyra at dei har hatt fleire saker på kontoret der dei ikkje får sakkunnige til å sjå på saka deira fordi dei ikkje ynskjer å leggja seg ut med tilsynet. Når det no er komne ny lov så er det Finanstilsynet som skal lage rundskrivet som skal visa tilsynets syn på korleis lova skal handhevast. Deretter er det tilsynet sjølv som skal

kontrollera etter dei same krava. Det gjer at på eit vis sit tilsynet som både lovgjevar og kontrollør, og at på til ein kontrollør med litt sviktande kunnskap.

Juristen kan ikkje hugsa å ha lest ein einaste tilsynsrapport der forholda ikkje er omtalt som alvorlege. Det gjeld sjølv i dei sakene der dei ikkje føretok seg noko. I framhaldet av det vert det uttalt at det er bekymringsverdig dersom ein i iveren etter å fjerne dei menneska som ikkje bør ha autorisasjon, har eit så tilfeldig forhold til faktum at ein òg tar med dei som utvilsamt burde ha den. Rekneskapsføraren har kanskje ei god forklaring, men frå skrivebordet til saksbehandlaren ser det ikkje nødvendigvis slik ut i ettertid. Då får ein ei veldig anna vurdering enn den ein får i retten, der rekneskapsføraren får ein heilt annan moglegheit til å forklara seg. Juristen nemner og at det fleire gonger har skjedd at dommarar har spurt direkte ut kva som er så alvorleg i saka utan å få noko godt svar på det. Problemet er at for å koma dit at ein dommar ser på det, må ein tåla å ta kampen med tilsynet. Ein får ingen moglegheit til å forklara seg for tilsynet i etterkant av å ha mottatt tilsynsrapport. Berre skriftleg klagemoglegheit. Dei som jobbar som regnskapsførarar og revisorar er ikkje veldig oppsett på å leggja seg ut med tilsynet. Dei er ein svak part viss ein for eksempel samanliknar med ein advokat som blir fråtatt bevillinga. Dei er stort sett ikkje kampklare på same måte.

Eit anna problem er saksbehandlingstida. I følgje Juristen er det ikkje unormalt at ein har tilsyn i år 1 og at rapporten og vedtaket kjem i år 2 eller 3. Dersom ein klager har det gått tilbake til tilsynet som gjerne brukar eitt år før det eventuelt vert sendt vidare til klagenemnda. Dermed risikerer ein ganske mange år med yrkesforbod før ei sak er ferdig behandla. Etter ein del stikkprøvar av klagenemndsaker som ligg ute på lovdata viser det seg at det nok heller ikkje er heilt normalt at saksbehandlingstida er så ekstrem. Stort sett verkar det som at saksbehandlingstida ligg mellom eitt og to år frå det første tilsynet til Klagenemnda har avgjort sin dom.

Når ein samanfattar alt dette verkar det som at det blant ein del personar er ganske stor frykt for kva desse nye endringane vil føra til. Dette blir òg stadfesta av Juristen som har sett fleire tilfelle òg etter gammal lov der folk er redde for å stå opp mot tilsynet. Mange kjenner på eit mykje større ansvar enn dei før har hatt, og føler òg at moglegheita for å bli gjort ansvarleg for feil og manglar er blitt større. På den andre sida sit dei med juridisk kompetanse og kjennskap til forvaltninga og seier at det nok ikkje vil bli så veldig store endringar reint praktisk. Det kjem ein del påstandar om at forvaltninga ikkje innehar den kompetansen som trengst, og at dei er for strenge i ein del saker og får veldig tunnelsein og berre ser feila når dei først har starta ei sak mot ein person.

## 5. Drøfting og konklusjon

### 5.1 Endring i terskelen

Når det kjem til korleis terskelen vil bli lagt, er det vanskeleg å sei ut frå dei intervjuia som er gjennomført. Ein får inntrykk av at Finanstilsynet ikkje tenkjer at terskelen endrar seg noko særleg, men det kan òg grunnast i at Finanstilsynet i fleire saker har lagt seg på ei linje som klagenemnda har meint har vore for streng i følgje den gamle lova. Dermed kan det kanskje verka som at terskelen for å få autorisasjon er heva, og for å bli fråtatt autorisasjon er senka, til det nivået som Finanstilsynet allereie har operert med. Samtidig så vil nok framleis Finanstilsynet sine avgjerder opplevast strenge av mange, og ein vil framleis få saker der klagenemnda opphevar vedtak gjort av tilsynet. Viss ein ser dette opp mot forarbeida til lova, kan det nok hende at Finanstilsynet vil vera litt strengare enn kva mange vil meine lova opnar for, men som det står i forarbeida: «Forslaget utvider grunnlaget for vedtak om tilbakekall når det gjelder krav til adferd, sammenliknet med gjeldende rett.» (*Prop.130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*, 2022, s. 65) Altså er meininga at terskelen for tilbakekall skal senkast.

### 5.2 Open formulering

Det er ikkje så enkelt å bli klok på formuleringa. På den eine sida ser ein eit behov for å

kunne nekte kriminelle å utøve yrket som rekneskapsførar, samtidig er det på den andre sida gitt forvaltninga ein så open heimel for å kalle tilbake autorisasjon at det kan skapa usikkerheit hjå yrkesutøvarar som kanskje har gjort nokre feil, men som det nok ikkje er grunn til å straffa med eit yrkesforbod. Her blir det nok litt som Juristen òg var inne på, at så lenge me har ei god forvaltning i Noreg er det ikkje noko problem at forvaltninga har ein så open heimel, men det kan nok skapa problem i enkeltsaker. Som Utvalsmedlem 2 poengterer er det utruleg viktig at rekneskapstenestene vert halden til ein viss etisk standard. Som bedrift utleverer ein fleire av dei mest «personlege» opplysningane sine til rekneskapsføraren, og då er det viktig å kunne stole på at vedkommande er påliteleg. Vissa om at forvaltninga har store moglegheiter til å luke ut dei som ikkje er eigna er med å skaper ein tryggleik for næringslivet. I teorien finn ein ikkje anna grunnlag for å ta inn ein slik open formulering enn at ein ynskjer å kunne stille strengare krav til revisors (og dermed òg rekneskapsførars) «egnethet». (NOU 2017:15, s. 61)

### 5.3 Grovt brot

Som nemnt i analysen er det veldig usikkert kor grensa for eit grovt brot vil gå. og linjene må bli trekt opp etter kvart av Klagenemnda så lenge det ikkje kjem tydelegare retningslinjer frå lovgjevar. Finanstilsynet sitt syn på saka vil vera rådande, i alle fall i starten, og forhåpentlegvis kjem det nokre klargjeringar på dette òg når neste rundskriv om «egnethetskrav» kjem. Ut frå samtalane med dei ulike aktørane kjem det fram ein veldig usikkerheit når det kjem til dette punktet. Det er viktig for rettstryggleiken til rekneskapsførarar at det er meir klårt kva som er innafor og utanfor lovverket. Som nemnt må det, i følgje Kari Birkeland, ein «kvalifisert overtredelse av revisors plikter» (Kari Birkeland, 2022, note 292) til for at eit brot skal bli rekna som grovt. Ein kan rekna med at det same gjeld for rekneskapsførarar, men akkurat kor grensa går vil nok ikkje få svar på før det føreligg meir praksis.

### 5.4 Forskjellar mellom terskelen for tilbakekall av godkjenning for revisor og rekneskapsførar

Det verkar som om terskelen er den same. Viss ein ser på det juridiske så er lovtekstane

identiske, dei bygger på mykje det same forarbeidet og ein del av lovgjevarens intensjon var at regelverka skulle samordnast. Alt dette taler for at det er same terskelen. Som tidlegare nemnt kan ein nyte ein kontekstuelle analysen av lovteksten for å vise at dette bør bli handsama likt. Reint praktisk er det nok rimeleg å anta at det, som det vert påpeika av fleire, vert vanskeleg å gjera denne samanlikninga reint praktisk i og med at det er snakk om litt ulike oppgåver. Men at det bør vera, og er, dei same krava til etisk yrkesutøving er nok stor einigkeit om.

### 5.5 Frykt for, og konsekvensar av, eit tilsyn der det vert avdekka brot

Dersom kvaliteten på arbeidet som vert gjort i Finanstilsynet ikkje er betre enn Juristen her held fram, er det ganske kritikkverdig. Ein kan her få inntrykk av eit stort statleg organ som gjer omtrent som dei sjølv vil, og som ikkje tar omsyn til at det er fysiske personar dei har med å gjera. Så svart-kvitt er det nok ikkje. (Og nok heller ikkje meint så svart-kvitt frå respondenten) Men det er ingen tvil om at tilsynet har stor makt. Med dei straffesanksjonane dei no har moglegheit til å ta i bruk er det kanskje enno viktigare enn før at tilsynet består av kompetente folk (her må det presiserast at denne oppgåva på ingen måte påstår at folka som er der i dag ikkje innehavar kompetansen som trengst, det er berre ein presisering av at det trengst kompetanse) som har meir innsyn i sakene enn berre reint teoretisk kompetanse.

Det å bli fråtatt autorisasjonen vil ikkje nødvendigvis medføre eit yrkesforbod. Du kan jobbe som rekneskapsmedarbeidar i ei bedrift, men du mister mogleheta til å vera oppdragsansvarleg. Dette vil føre til at du mister mykje verdi for bedrifta, samtidig som det nok kan vera vanskeleg å få jobb i mange bedrifter dersom det kjem fram at du har mista autorisasjonen. I tillegg verkar det som at det for mange er ei minst like stor frykt for å måtte betale store gebyr. Ut frå svara til dei som sit med juridisk kompetanse er det nok lite sannsynleg at vanlege rekneskapsførarar treng frykte så mykje. For det første skal det nok mykje til før bøter blir brukt mot fysiske personar, og for det andre så må ein nok rekne med at ein vil sjå til alvorlegheitsgrad før ein ilegg gebyr. Med andre ord vil nok ikkje det vere

snakk om å bruke makssatsen på 1 million utan ved særslig grove brot gjort med overlegg.

## 5.6 Konklusjon

I denne oppgåva skulle eg finna svare på følgande problemstilling. «*I kva grad får endringane i «Lov om regnskapsførere» innverknad på praksisen for tilbakekall av autorisasjon samanlikna med den gamle lova?*»

Med den nye lova har terskelen for å bli fråtatt autorisasjonen blitt lågare. Det er både intensjonen til lovgjevar, og det er det som kjem fram gjennom intervju og teori. Akkurat kor mykje lågare den vert vil framtida visa. Det kan reknast som ein positiv endring, så lenge ein kan stole på at forvaltninga i Noreg gjer ein god jobb. Moglegheita for å bli fråtatt autorisasjonen urettmessig var òg til stade etter den gamle lova, dermed er det ikkje slik at ein plutsleig har fått moglegheit til å behandle folk urettferdig no. Ut frå det som kjem fram i intervjuet er det nok lite sannsynleg at det vert veldig mange saker der åtferd utanom økonomisk rot vert bruk til å ta frå nokon autorisasjonen, så det vil framleis vera mykje dei same brota/feila som gjer at folk mistar autorisasjonen no som før. Derimot har ein, gjennom å ha vedtatt eit vilkår som er så opent som det åtferdsvilkåret er, fått eit rettsleg grunnlag til å luke ut kriminelle som ein ser at ikkje burde ha autorisasjon til å drive, sjølv om det dei er dømt for ikkje er direkte økonomisk kriminalitet. Vilkåra for å gje godkjenning til ein rekneskapsførar er der for å sikre at profesjonsutøvarane er til å stola på og at ein kan stola på jobben dei gjer.

Å ta frå nokon autorisasjonen er ein ganske alvorleg sanksjon. Derfor må òg brotet som blir gjort vera ganske grovt. Vanlege rekneskapsførarar treng ikkje frykta at dei skal bli fråtatt autorisasjonen eller bli bøtelagt utan vidare. Finanstilsynet går ikkje til det skrittet at dei sanksionerer utan at det er nødvendig. Det er likevel interessant at det er så ulike synspunkt på kva som kan bli resultatet av den nye lova. Nokre er bekymra for eigen arbeidskvardag, medan andre er glad for dei same endringane, utan at ein har nokon grunn til å tru at den

første gruppa er dårlegare i jobben sin eller meir ueigna enn den siste. Spesielt med tanke på at ein allereie har hatt ei revisorlov i fleire år, som denne lova er bygd på, skulle ein tru at ein hadde greidd å lagt forventningane for kva det vil innebera for rekneskapsførarane. Her har nok ikkje forvaltninga gjort ein god nok jobb. Altså er det eigentleg ikkje verre enn å halde fram med å gjere jobben sin på ein god måte, ha gode rutinar for å luke ut feil og ikkje gjere kriminelle handlingar, så bør ikkje denne delen av den nye rekneskapsførarlova ha nokon særleg innverknad på arbeidskvardagen. Teoretisk sett er det ein ganske stor forskjell samanlikna med den gamle lova, men i praksis vert nok mykje det same, kanskje med unntak av tvilstilfella. Dersom ein skal høre det Juristen og nokre i rekneskapsbransjen seier, er det kanskje grunn til å tru at tvilstilfella no vil tippa mot at ein tilbakekallar autorisasjon.

## Litteraturliste

- Asbjørn Johannessen, Line Christoffersen, & Per Arne Tufte. (2020). *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag*. Abstrakt forlag.
- Bernt, J. F. (2021). § 113. I *Grunnloven* (s. 1253–1262). Universitetsforlaget.  
<https://doi.org/10.18261/9788215054179-2021-139>
- Blandhol, S., Tøssebro, H. N. & Skotheim, Ø. (2015). Innføring i juridisk metode. *Jussens Venner*, 50(6), 310–345. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3126-2015-06-02>
- Busch, T. (2021). *Akademisk skriving: For bachelor- og masterstudenter* (2. utgave.). Fagbokforlaget.
- Finanstilsynet. (2020). *Rundskriv—Vurdering av egnethetskrav*.
- Forskrift om klagenemnd for revisorsaker m.m. (2012). *Forskrift om klagenemnd for revisor-, regnskapsfører- og inkassosaker* (FOR-2012-02-01-111). Lovdata.  
<https://lovdata.no/forskrift/2012-02-01-111>
- Forvaltningsloven. (1967). *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker* (LOV-1967-02-10). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1967-02-10>
- Fritt skjønn—Jusinfo.no. (2020, 26. april). <https://jusinfo.no/forvaltningsrett/overproving-av-forvaltingens-skjonn/fritt-skjonn/>
- Gripsrud, G., Olsson, U. H. & Silkoiset, R. (2004). *Metode og dataanalyse med fokus på beslutninger i bedrifter* (2. oppl). Høyskoleforl.

- Grunnlova. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov* (LOV-1814-05-17). Lovdata.  
<https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn>
- Høylie, K. (2015). *God regnskapsføringskikk: Med kommentarer til lov og standard* (3. utgave). Gyldendal Akademisk.
- Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Cappelen Damm.
- Kari Birkeland. (2020). *Hvor din skatt er, vil også ditt hjerte være: Festschrift til Ole Gjems-Onstad 70 år* (T. Bråthen, E. Furuseth, A. B. Mikelsen, K. Aziz, A. Shinwary, & O. Gjems-Onstad, Red.; 1. utgave). Cappelen Damm Akademisk.
- Kari Birkeland. (2022). *Norsk Lovkommentar, Regnskapsførerloven*.
- Kjelløkken, R. (2021). *Revisorloven og revisjonsforordningen. Kommentarutgave*. Fagbokforlaget.
- KRR-2012-4411—Lovdata Pro*. (2013, 16. mai).  
<https://lovdata.no/pro/#document/KRR/avgjorelse/krr-2012-4411>
- KRR-2015-1275—Lovdata Pro*. (2015, 11. november).  
[https://lovdata.no/pro/#document/KRRI/avgjorelse/krr-2015-1275/KAPITTEL\\_8](https://lovdata.no/pro/#document/KRRI/avgjorelse/krr-2015-1275/KAPITTEL_8)
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (T. M. Anderssen & J. Rygge, Oms.; 3. utg). Gyldendal akademisk.
- Monsen, E. (2012). *Innføring i juridisk metode og oppgaveteknikk*. Cappelen Damm akademisk.
- NOU 1983: 20. (1983). *Regulering av regnskapsføreryrket*.  
[https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007070601051](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007070601051)
- NOU 2017:15. (2017). *Revisorloven Forslag til ny lov om revisjon og revisorer Utredning fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 2. Oktober 2015. Avgitt til Finansdepartementet 29. Juni 2017*.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-15/id2563446/>
- NOU 2018:9. (2018). *Regnskapsførerloven Forslag til ny lov om regnskapsførere Revisor- og regnskapsførerlovutvalgets andre utredning. Utvalget ble oppnevnt ved kongelig resolusjon 2. Oktober 2015. Avgitt til Finansdepartementet 1. Juni 2018*.  
regjeringen.no; Finansdepartementet.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2018-9/id2602796/>
- Ot.prp.nr.51. (1993-mars). *Ot.prp.nr.51 (1992-1993) Om lov om autorisasjon avregnskapsførere*. Finans- og tolldepartementet.  
<https://lovdata.no/pro/forarbeid/otprp-51-199293>
- Prop.130 L (2021–2022) Lov om regnskapsførere (regnskapsførerloven)*. (2022).  
<https://lovdata.no/pro/PROP/forarbeid/prop-130-l-202122>

Regnskap Norge AS. (2023, 3. februar). *Mannskapsskifte i nemnden alle regnskapsførere håper å unngå*. Regnskap Norge.

<https://www.regnskapnorge.no/magasin/mannskapsskifte-i-nemnden-alle-regnskapsførere-haper-a-unnga/>

Regnskapsfører. (2017, 15. februar). Finanstilsynet.

<https://www.finanstilsynet.no/tilsyn/regnskapsfører/>

Regnskapsførerloven, (korttittel). (1993). *Lov om autorisasjon av regnskapsførere* (LOV-1993-06-18-109). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1993-06-18-109>

Regnskapsførerloven, (korttittel). (2022). *Lov om regnskapsførere* (LOV-2022-12-16-90).

Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2022-12-16-90>

Regnskapsførervirksomhet. (2022, 21. februar). Finanstilsynet.

<https://www.finanstilsynet.no/>

Revisorloven. (2020). *Lov om revisjon og revisorer* (LOV-2020-11-20-128). Lovdata.

<https://lovdata.no/lov/2020-11-20-128>

*Ulike tilsynsmetoder regnskapsførere og regnskapsførerselskaper*. (2017, 11. april).

Finanstilsynet. <https://www.finanstilsynet.no/tilsyn/arkiv-fellessider-tilsyn/ulike-tilsynsmetoder-regnskapsførere-og-regnskapsførerselskaper/>

*Utvalgte temaer av særlig praktisk betydning for regnskapsførere og regnskapsforetak ved ikrafttredelse av ny regnskapsførerlov*. (2022, 22. desember). Finanstilsynet.

<https://www.finanstilsynet.no/nyhetsarkiv/nyheter/2022/ny-regnskapsforerlov-fra-1.-januar-2023/utvalgte-temaer-av-sarlig-praktisk-betydning-for-regnskapsførere-og-regnskapsforetak-ved/>

## Vedlegg

### Vedlegg 1 – Informasjonsskriv

#### **Vil du delta i forskingsprosjektet**

**«I kva grad får den nye lova om regnskapsførere innverknad på tilbakekall av autorisasjon for rekneskapsførarar?»**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å *Finne ut om det etter den nye lova er blitt lågare terskel for å miste autorisasjon som rekneskapsførarar*. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

## Føremål

*Innsamling av informasjon til ei bacheloroppgåve i rekneskapsføring. Oppgåva ser på dei nye skikkethetskrava i rekneskapsførarlova og om dei vil gjere det enklare å miste autorisasjon.*

## Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

*Høgskulen på Vestlandet* er ansvarleg for prosjektet.

## Kvifor får du spørsmål om å delta?

*Som del av arbeidet med oppgåva ynskjer eg å ha ei god breidd i utvalet eg intervjuer. Derfor ynskjer eg svar frå både vanlege rekneskapsførarar og frå nokre som har arbeidd med lova og tematikken i den.*

*Kontaktinformasjon til deg er funnet på nettet.*

## Kva inneber det for deg å delta?

*Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at eg gjennomfører eit intervju med deg ved hjelp av ei digital plattform (t.d. Teams eller Zoom). Intervjuet vil ta ca. 45 minutt. Underveis i intervjuet kjem eg til å ta notat samt at eg tek opp lyd for å best mogleg kunne sitere deg korrekt.*

## Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

## Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- *Ved behandlingsansvarleg institusjon kjem underteikna, samt studentrettleiar til å ha tilgang til opplysningane du oppgjer. I den ferdige oppgåva vil du bli anonymisert.*
- *Namnet og kontaktopplysingane dine vil, fram til prosjektet er avslutta, bli lagra i skylagring gjennom Høgskulen sitt sikre system.*

## Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 16.juni 2023. *Oppnak av intervju og alle personopplysningar vil då bli sletta.*

## Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandler opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå *Høgskulen på Vestlandet* har personvernenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

## Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- *Høgskulen på Vestlandet* ved student Lars Inge Stautland på telefon 48055832 eller e-post [587000@stud.hvl.no](mailto:587000@stud.hvl.no). Eventuelt kan du kontakte studentrettleiar Arne Bendik Rekve på e-post [arne.bendik.rekve@hvl.no](mailto:arne.bendik.rekve@hvl.no).
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen, e-post [trine.anikken.larsen@hvl.no](mailto:trine.anikken.larsen@hvl.no), tlf.: 55 58 76 82.

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntjenester kan du ta kontakt via:

- e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

*Arne Bendik Rekve*  
(Forskar/rettleiar)

*Lars Inge Stautland*

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet [*Skikka som rekneskapsførar*] og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i *intervju*  
 at det vert tatt opp lydopptak av intervuet

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

# Intervjuguide

## Fase 1: Uformell prat

## Fase 2: Informere

Gå gjennom informasjonsskriv (bl.a. redegjøre for hensikt med intervjet)

Forklare teieplikt og eventuell anonymitet

Nokon spørsmål til prosjektet før intervjet?

## Fase 3: Intervju

Kva utdannings- og arbeidsbakgrunn har du?

Kva kjennskap har du til den nye regnskapsførerlova?

§ 4 i den gamle lova og § 3-3 inneheld begge vilkår for autorisasjon. Kva ser du på som den største forskjellen mellom dei to lovene?

Kva praktiske endringar trur du det vil bli når det kjem til kor høg terskelen er for å få autorisasjon som rekneskapsførar?

Korleis trur du endringa vil påverke terskelen for å tilbakekalla autorisasjon etter § 6-1 (§ 7 i den gamle lova)?

I §3-3 i den nye regnskapsførerlova er det tatt inn eit vilkår som lyder slik: «Godkjenning som statsautorisert regnskapsfører skal ikke gis til personer som... ...d. har utvist en afferd som gir grunn til å anta at vedkommende ikke kan utøve yrket på en forsvarlig måte». Dette er ein ganske open formulering. Kva trur du er tanken bak denne formuleringa?

§ 3-3 i regnskapsførerlova og § 3-4 i revisorlova er like. Betyr det at lista vert lagt likt både for regnskapsførarar og revisorar når det gjeld å få autorisasjon?

Vil den nye lova ha nokon innverknad på din arbeidskvartdag? Kjenner du på nokon utrygghet i forhold til eigen autorisasjon når lova no har opna for å fråta autorisasjon utan at du er dømt/straffesanksjonert for noko?

Har du, utanom det dokumentbaserte tilsynet som alle rekneskapsførarar må svare på kvart andre eller tredje år, opplevd tilsyn frå Finanstilsynet i di bedrift? Har du i så fall kjent på noko usikkerhet i forhold til korleis lova vert tolka når det kjem til det omtalte kravet?

Kjenner du til nokon tilfeller der rekneskapsførar har mista autorisasjonen på grunnlag av vandel/åtferd? Eg er ikkje interessert i å vite om spesifikke personar, så viss du har noko er det fint om du omtaler saka anonymt. Har du gjort deg opp nokre tankar om grunnlaget for tilbakekallet når du ser det opp mot formuleringa i lova?

## Fase 4: oppsummering

Oppsummere funn

- Har eg forstått det riktig?
- Er det noko du ynskjer å legga til?



# Høgskulen på Vestlandet

## BO6-2001: Bacheloroppgave regnskapsfører

BO6-2001-BO-2023-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

Startdato:	12-05-2023 12:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	26-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave i grupper på 2-3 personer		
Flowkode:	203 BO6-2001 1 BO 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

### Deltaker

Navn:	Lars Inge Stautland
Kandidatnr.:	212
HVL-id:	587000@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	12312
Egenerklæring *:	Ja
Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på utnemålet mitt *:	Ja

### Gruppe

Gruppenavn:	Einmannsgruppe
Gruppenummer:	6
Andre medlemmer i gruppen:	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

### Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

### Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

**Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei